

Kommunane med sjøareal
Politisisk styringsgruppe

Dykkar referanse:

«REF»

Dato: **06.12.2021**

Saksnr.: **2019/28193**

Dok.nr.: **32**

Sakshandsamar:

Sissel Bakke

Regionalplan sjøareal havbruk.

Referat frå møtet i politisk styringsgruppe 18. november 2021

Teams, 14 – 16

Tilstades

Leiar Solveig Ege Tengesdal	RFK
Ordførar Ole Johan Vierdal	Vindafjord kommune
Varaordførar Tove Grimsby	Utsira kommune
Ordførar Jonas Andersen Sayed	Sokndal kommune
Varaordførar Alf Magne Grindhaug	Karmøy kommune
Ordførar Frode Fjeldsbø	Gjesdal kommune
Ordførar Stian Giil Bjørsvik	Kvitsøy kommune
Ordførar Osmund Våga	Bokn kommune
Ordførar Jarle Bø	Randaberg kommune
Ordførar Sigmund Lier	Tysvær kommune
Varaordførar Trine Meling Stokland	Haugesund kommune
Varaordførar Pål Morten Borgli	Sandnes kommune
Ordførar Asbjørn Birkeland	Sauda kommune
Ordførar Bjørn Laugaland	Hjelmeland kommune
Daniel Bøhn Rayner	RFK, vara for fylkesordførar
Petter Korneliussen	RFK, vara for May Helen Hetland Ervik
Terje Eriksen	Fiskarlaget Vest, ny leiar etter Kåre Heggebø
Njål Tengs-Hagir	Kartverket
Tale Skrove	SALT
Tom Kjellsen	Stavanger kommune, landbruks- og havbrukskontoret
May Endresen	RFK, møtte for næringssjef Mette Fossan
Eystein Bredland Hansen	RFK, plansekretariatet
Astrid Espe	RFK, plansekretariatet
Sissel Bakke	RFK, plansekretariatet

Meldt avbod

Varaordfører Dagny Sunnanå Hausken	Stavanger kommune
Ordfører Gerd Helen Bø	Suldal kommune
Ordfører Odd Stangeland	Eigersund kommune
Ordfører Jonas Skrettingland	Hå kommune
Ordfører Tom Henning Sletthei	Sola kommune
Varaordfører Siv Len Strandskog	Sola kommune

DAGSORDEN

Leiar Solveig Ege Tengesdal ønska vel møtt og greia ut om **den politiske saka om marine grunnkart i fylkeskommunen**. Saka var oppe i regional, kultur- og næringsutvalet 7. oktober og i fylkesutvalet 19. oktober 2021.

Saksutgreiinga og vedtaket blir sendt til den politiske styringsgruppa.

Vedtak:

- 1. Ny sak legges frem til behandling når nasjonalt program og finansieringsmodell for marine grunnkart er avklart*
- 2. Rogaland fylkeskommune vil arbeide for at Rogaland blir prioritert som en del av det nasjonale programmet for produksjon av marine grunnkart langs kysten.*

Ordfører Bjørn Laugaland informerte om at *Nettverket for fjord og kystkommunar* jobbar opp mot staten for å få staten til å ta eit ansvar for finansieringa av marine grunnkart.

2/21 Referatet frå møtet i den politiske styringsgruppa 17. juni 2021 vart godkjend.

Tom Kjellsen, havbruksrådgjevar i Stavanger kommune informerte om **Havbruksrådet**.

Havbruksrådet er etablert på initiativ frå ordføraren i Stavanger kommune. Havbruksrådet er eit tiltak for å følgja opp havbruk som er eit av fire satsingsområde i næringsstrategien til kommunen. Kommunen er ein *hovudstad* for havbruksteknologi. Kommunen er Norges fjerde største havbrukskommune.

Havbruksrådet skal vera ein drøftings- og møteplass. Rådet er sett saman av politiske representantar frå kommunane Stavanger, Sandnes, Gjesdal, Eigersund, Strand, Hjelmeland og frå fylkeskommunen, fylkesordfører og fylkesvaraordfører er invitert, frå havbruksnæringa og frå UiS. Det er ope for fleire medlemmer. Rådet ynskjer å få etablert eit havbruksdirektoratet i

regionen. Organiseringa er rådet med ei arbeidsgruppe som jobbar aktivt. Rådet skal ha 3-4 møter per år. Rådet er i startgropa.

Lenke til presentasjonen [Informasjon om Havbruksrådet.pdf](#)

Kommentarar:

Rollene til Havbruksrådet og den politiske styringsgruppa utfyller kvarandre. Styringsgruppa er opptatt av samsnakking og samarbeid. *Det må jobbast saman.* Ordførar Sigmund Lier påpeika at dei ynskjer å få etablert eit havdirektorat på Haugalandet. Han understrekar at innspela må samkøyrast slik at *me ikkje slår beina under kvarandre.*

Njål Tengs- Hagir, Kartverket gjekk gjennom satsingsforslaget til eit **nasjonalt program for marine grunnkart i kystsona**. Fredag 12. november leverte Kartverket, Norges geologiske undersøking, NGU og Havforskningsinstituttet, HI eit forslag til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KMD om å gjennomføra *Marine grunnkart i kystsona* som eit nasjonalt program frå 2023. Investeringane er budsjettert med 4,8 milliardar kroner.

Satsingsforslaget blir sendt ut til styringsgruppa når KMD har godkjend at det blir gjort offentleg. Den samfunnsøkonomiska analysa, prissette og ikkje prissette verknader av marine grunnkart, er ein del av satsingsforslaget. Analysa viser at det er omfattande samfunns- og næringsmessige vinstar å hente av marine grunnkart. KMD utformar sjølve satsinga og så er det ei intern dialog med andre departement.

Kartverket, HI og NGU rådar til at ein så rask som mogleg startar å kartleggja heile kysten. Kartlegginga bør starta i dei områda langs kysten som er prioriterte av fylkeskommunane og kommunane dei fyrste 5 åra for å kartleggja 10% av kysten. Desse areala vil gi størst gevinst hos brukarane i kvart enkelt fylke, og det vil auka motivasjonen for å ta i bruk dei marine grunnkarta.

Satsingsforslaget inneheld ein *god pott* med midlar til opplæring. Det vert understreka at eit av dei viktige suksesskriteria til det nasjonale programmet er at marine grunnkart vert tatt i bruk.

Satsingsforslaget inneheld ikkje forslag til finansieringsmodellar. Finansiering blir eit tema når departementa byrjar å snakka saman om eit eventuelt *spleiselag*. Dialog inneber at ein blir meir løysingsorientert, fram til budsjettkonferansen i mars 2022. Satsingsforslaget inneheld forslag til styringsmodell. Det er forslag om at fylkeskommunane og kommunane er representert i ei nasjonal styringsgruppe for programmet. Grunngeving: Kjenner

best behova. KMD kjem truleg med ein invitasjon til deltaking i nasjonal styringsgruppe etter budsjettkonferansen.

Oppmodingar til politisk styringsgruppe:

- Påverke fram til budsjettkonferansen i mars 2022. Informere/prate med Rogalandsbenken, Næringskomiteen, Distriktskomiteen om ynskja og behova for marine grunnkart i Rogaland. *Dei lyttar til brukarane.*
- Sende inn ei støtteerklæring til det nasjonale programmet til KMD, slik som til forprosjektet Marine grunnkart i kystsona 2020 - 2022. Leiar Solveig Ege Tengesdal sende då inn ei støtteerklæring på vegne av ordførarane/fylkesordførarane i dei tre nasjonale pilotområda. Støttebrevet bør sendast tidleg på nyåret.

Prosessen vidare for å avklare kva som skal vera prioriterte sjøområde i Rogaland

- Kartverket inviterer lokal referansegruppe/brukargruppe til å kome opp med forslag basert på brukarbehov/ynskjer. Det står att 1500 km² å kartleggja i Rogaland. Prioriterte sjøområde, treng ikkje vera samanhengjande, men minimum med ein storleik på tilsaman 1000 km².
- Forslaget til prioriterte sjøområde leggjast fram for politisk styringsgruppe til regionalplan sjøareal havbruk før forslaget eventuelt blir fremja som ei politisk sak i fylkeskommunen.

Leiar Solveig Ege Tengesdal takka Njål Tengs- Hagir, Kartverket for eit godt arbeid og samarbeid. Og særskilt for invitasjonen og opplegget på Oljemuseet. Leiar Solveig Ege Tengesdal kommenterte at det nok var avgjerande for det politiske vedtaket i fylkeskommunen knytt til marine grunnkart, som seier at Rogaland ynskjer å ta ein posisjon i det nasjonale programmet.

Tale Skrove SALT, informerte om prosjektet: **Kunnskap om sjøareala 2021 – 2023**. Arbeidet er delt i tre arbeidspakkar. Dei er snart ferdig med fyrste arbeidspakken som er å analysa den totale miljøbelastninga frå havbruksnæringa i Boknafjorden og alle Ryfylkefjordane. Analysa er økosystembasert, uavhengig av kommunegrenser. Vassførekomstar blir brukt som analyseining. Analysene skal ende opp i eit miljøpåverknadskart som vil vera dynamisk og slik kan brukast i arealplanlegginga og konsekvensanalyser til å vurdere miljøpåverknad av framtidig arealbruk til havbruksnæringa. Kartet skal leggjast inn i Temakart Rogaland. Skryt frå Kartverket som ser koplinga til marine grunnkart og bruk av analysene frå kunnskapsprosjektet til å vekte og avklare prioriterte sjøområde for marine grunnkart i Rogaland. Prosjektet får

fram og gjer fagdata tilgjengeleg for alle, det er ei utfordring at data *ligg i krokar og krikar og må leitast fram*. Det å gjera analyser tilgjengeleg som temakart er brukarvenleg og god informasjon til ålmenta, næringslivet og offentleg forvalting og planlegging.

Sak 3/21 Val av to representantar til referansegruppa, matstrategi

Ordførar Sigmund Lier, Tysvær kommune

Ordførar Irene Heng Lauvsnes, Strand kommune

Vararepresentantar:

Ordførar Bjørn Laugaland, Hjelmeland kommune

Varaordførar Alf Magne Grindhaug, Karmøy kommune

Eventuelt

- Den politiske styringsgruppa vert invitert til ei samling for å koma med innspel til matstrategien. 19. januar klokka 10 – 14, på Utstein kloster hotell/vertshus.
- Møteplan. Leiar Solveg stilte spørsmålet om det er trong for ein møteplan for 2022. Viktige tema i 2022; Matstrategi, Marine grunnkart.

Helsing

Sissel Bakke
spesialrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.